Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

# Møteprotokoll

## Hjartdal kontrollutval

| | |
|---|---|
| Dato: | 22.05.2018 kl. 9:00 – 12:30 |
| Stad: | Hjartdal kommunehus, kommunestyresalen |
| Arkivsak: | 18/00018 |
| Til stades: | Leiar Tho Olav, nestleiar Liv Tinnes, medlem Audun Darrud, medlem Roger Lind, sekretær Marianne Lundeberg, oppdragsrevisor Elizabeth Kasin |
| Møtande varamedlem: | Gunleik Skårdal |
| Fråfall: | Kristin Wåle |
| Andre: | Ordførar Bengt Halvar Odden, Konstituert Rådmann/kommunalsjef Gry Anja Gundersborg, leiar for samfunnsutviklingsavdelinga Anne Bamle, økonomisjef Oddvar Nygård, konsulent Helge Granlund, Grunneigar Håkon Bøen, hytteeigar Tore Hagen, TKR IKS v/ Kirsti Torbjørnson, |
| Protokollførar: | Marianne Lundeberg |


| Sakskart | | | Side |
|---|---|---|---|
| | | | **Møteinnkalling** |
| 2/18 | 18/00018-11 | Godkjenning av møteinnkalling 22.05.2018 | 3 |
| | | | **Møteprotokoll** |
| 2/18 | 18/00018-12 | Godkjenning av protokoll 09.02.2018 | 4 |
| | | | **Saker til behandling** |
| 11/18 | 18/04156-1 | Årsrekneskap og årsmelding 2017 for Hjartdal kommune - Uttale frå kontrollutvalet | 5 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 12/18 | 17/15712-8 | Utbygging av vatn og avlaup i Tuddal | 7 |
| 13/18 | 18/02555-5 | Prosjektplan - Tildeling av tenester innafor pleie og omsorg - Hjartdal kommune | 8 |
| 14/18 | 18/06229-2 | Vurdering av oppdragsansvarleg revisor og oppdragsrevisor sitt sjølvstende i høve til Hjartdal kommune | 9 |
| 15/18 | 18/00035-3 | Referatsaker 22.05.2018 | 10 |
| 16/18 | 18/00042-2 | Eventuelt 22.05.2018 | 11 |


Hjartdal, 22.05.2018

Kontrollutvalsleiar
Olav Tho

Sekretær
Marianne Lundeberg

**Møteinnkalling**

## 2/18 Godkjenning av møteinnkalling 22.05.2018

| Handsama av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Hjartdal kontrollutval | 22.05.2018 | 2/18 |

Forslag frå sekretariatet:

Møteinnkalling 22.05.2018 vert godkjend.

**Møtehandsaming**
Møteinnkalling 22.05.2018 blei lagt fram for godkjenning.

**Votering**
Samrøystes

**Vedtak**
Møteinnkalling 22.05.2018 vert godkjend.

**Møteprotokoll**

## 2/18 Godkjenning av protokoll 09.02.2018

| Handsama av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Hjartdal kontrollutval | 22.05.2018 | 2/18 |

Forslag frå sekretariatet:

Protokoll 09.02.2018 vert godkjend.

**Møtehandsaming**
Protokoll 09.02.2018 blei lagt fram for godkjenning.

**Votering**
Samrøystes

**Vedtak**
Protokoll 09.02.2018 vert godkjend.

**Saker til behandling**

## 11/18 Årsrekneskap og årsmelding 2017 for Hjartdal kommune - Uttale frå kontrollutvalet

| Handsama av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Hjartdal kontrollutval | 22.05.2018 | 11/18 |

### Forslag frå sekretariatet:

***Kontrollutvalet si uttale til Hjartdal kommune sitt årsrekneskap for 2017:***

***Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for 2017. Årsmelding 2017 for Hjartdal kommune inneheld også årsrekneskapen 2017. Telemark kommunerevisjon IKS har avlagt revisjonsmelding for rekneskapsåret 2017. Årsrekneskapen viser kr. 143 481 495 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 327 558.***
***Driftsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 3 855 777 og eit mindreforbruk på kr 3 327 558. i tillegg er det avsett kr 2 776 974 til disposisjonsfond og overført kr 509 112 til Investeringsrekneskapen viser eit udekt beløp på kr 218 745.***

***Kontrollutvalet meiner mindreforbruket må dekkast inn i kommunen sitt kommande årsbudsjett. Udekka beløp i investeringsrekneskapen må og dekkast inn i kommunen sitt kommande årsbudsjett.***

***Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstiller brukaren sitt informasjonsbehov og gjev eit riktig inntrykk av dei forhold som årsmeldinga til rådmannen omhandlar.***

***Kontrollutvalet har elles ingen merknadar til årsrekneskapen for Hjartdal kommune for 2017 og slutter seg til revisor rapport om revisjon av rekneskapen datert 03.05.2018. og revisjonsmeldinga datert 20.04.2018 Kontrollutvalet tilrår at det fastsettast som Hjartdal kommune sin årsrekneskap for 2017.***

***Uttalen sendas kommunestyret med kopi til formannskapet.***

### Møtehandsaming

Økonomisjef Oddvar Nygård la fram Årsmelding med rekneskap for Hjartdal kommune 2017. Konstituert Rådmann/kommunalsjef Gry Anja Gundersborg og Ordførar Bengt Halvar Odden var til stades og kommenterte rekneskap og årsmelding.

Oppdragsrevisor Elizabeth Kasin la fram «Rapport om revisjon av rekneskapen til Hjartdal kommune 2017»

Vedtak blei endra utifrå forslag til vedtak med: Kontrollutvalet meiner mindreforbruket må dekkast inn i kommunen sitt kommande årsbudsjett til, kontrollutvalet meiner mindreforbruket må disponerast i kommunen sitt kommande årsbudsjett.

**Votering**
Samrøystes.

**Vedtak**
***Kontrollutvalet si uttale til Hjartdal kommune sitt årsrekneskap for 2017:***

***Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for 2017. Årsmelding 2017 for Hjartdal kommune inneheld også årsrekneskapen 2017. Telemark kommunerevisjon IKS har avlagt revisjonsmelding for rekneskapsåret 2017. Årsrekneskapen viser kr. 143 481 495 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 327 558.***
***Driftsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr 3 855 777 og eit mindreforbruk på kr 3 327 558. i tillegg er det avsett kr 2 776 974 til disposisjonsfond og overført kr 509 112 til Investeringsrekneskapen viser eit udekt beløp på kr 218 745.***

***Kontrollutvalet meiner mindreforbruket må disponerast i kommunen sitt kommande årsbudsjett. Udekka beløp i investeringsrekneskapen må og dekkast inn i kommunen sitt kommande årsbudsjett.***

***Kontrollutvalet meiner at presentasjonen av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og noter tilfredsstiller brukaren sitt informasjonsbehov og gjev eit riktig inntrykk av dei forhold som årsmeldinga til rådmannen omhandlar.***

***Kontrollutvalet har elles ingen merknadar til årsrekneskapen for Hjartdal kommune for 2017 og slutter seg til revisor rapport om revisjon av rekneskapen datert 03.05.2018. og revisjonsmeldinga datert 20.04.2018 Kontrollutvalet tilrår at det fastsettast som Hjartdal kommune sin årsrekneskap for 2017.***

***Uttalen sendas kommunestyret med kopi til formannskapet.***

## 12/18 Utbygging av vatn og avlaup i Tuddal

| Handsama av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Hjartdal kontrollutval | 22.05.2018 | 12/18 |

Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet bestiller prosjektplan på eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til vatn og avlaup i Tuddal. frå Telemark kommunerevisjon IKS.

**Møtehandsaming**

Grunneigar Håkon Bøen og hytteeigar Tore Hagen presenterte brevet som var send til kontrollutvalet. Brev og innspel frå hytte- og grunneigarar ligg som vedlegg til saka.

Leiar for samfunnsutviklingsavdelinga Anne Bamle gav kommentarar til grunneigar Håkon Bøen og hytteeigar Tore Hagen sitt brev til kontrollutvalet.

Konsulent Helge Granlund gav informasjon om kostnadar og prosessen kring utbyggingsprosessen.

Økonomisjef Oddvar Nygård orienterte om kostnader og det rekneskapsmessige kring sjølvkostrekneskapen. Samt kommenterte saksutgreiing i saksframlegg lagt fram for kommunestyret.

Konstituert rådmann/kommunalsjef Gry Anja Gundersborg, ordførar Bengt Halvard Odden var til stades i møtet.

Telemark kommunerevisjon IKS v/ Kirsti Torbjørnson orienterte generelt om kontrollutvalets mynde og moglegheit for handsaming av saker og kva ein kan sjå på i ei forvaltningsundersøking. Samt la fram prosjektskisse for vatn og avlaup i Tuddal.

**Votering**

Samrøystes.

**Vedtak**

Kontrollutvalet bestiller prosjektplan på eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til vatn og avlaup i Tuddal frå Telemark kommunerevisjon IKS.

## 13/18 Prosjektplan - Tildeling av tenester innafor pleie og omsorg - Hjartdal kommune

| Handsama av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Hjartdal kontrollutval | 22.05.2018 | 13/18 |

### Forslag frå sekretariatet:

Kontrollutvalet godkjenner Prosjektplan «tildeling av tenester –Hjartdal» frå Telemark kommunerevisjon som den ligg føre.

**Møtehandsaming**

Kontrollutvalet vedtok utsetting av prosjektet grunna bestilling av forvaltningsprosjekt på vatn og avlaup i Tuddal.

**Votering**
Samrøystes.

**Vedtak**
Kontrollutvalet utsett prosjektet «tildeling av tenester –Hjartdal

## 14/18 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor og oppdragsrevisor sitt sjølvstende i høve til Hjartdal kommune

| Handsama av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Hjartdal kontrollutval | 22.05.2018 | 14/18 |

### Forslag frå sekretariatet:

Saka vert teke til vitande.

**Møtehandsaming**
Oppdragsrevisor Elizabeth Kasin la fram dokumentet « Vurdering av oppdragsansvarleg revisor og oppdragsrevisor sitt sjølvstende i høve til Hjartdal kommune» blei lagt fram.

**Votering**
Samrøystes.

**Vedtak**
Saka vert teke til vitande.

## 15/18 Referatsaker 22.05.2018

| Handsama av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Hjartdal kontrollutval | 22.05.2018 | 15/18 |

Forslag frå sekretariatet:

Sakene vert tekne til vitande.

**Møtehandsaming**

- referat frå Temark sin Vårkonferanse 19.04.2018.

**Votering**
Samrøystes.

**Vedtak**
Saka vert teken til vitande.

## 16/18 Eventuelt 22.05.2018

| Handsama av | Møtedato | Saknr |
|---|---|---|
| 1 Hjartdal kontrollutval | 22.05.2018 | 16/18 |

Forslag frå sekretariatet:

**Møtehandsaming**
Inga sak.

**Votering**

**Vedtak**